

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

16. desember 2015



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 16. desember 2015 kl. 10.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Endring i driftskredittramma

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Terje Vareberg

Ohene Aboagye

Frå administrasjonen møte

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen (etter fullmakt frå adm. direktør)

Også til stades

Underdirektør Helga Daae

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Terje Vareberg og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortinget si handsaming av Prop. 27 S (2015–2016) *Endringer i statsbudsjettet 2015 under Helse- og omsorgsdepartementet*. Her er det vedteke å sette ned driftskredittramma til dei regionale helseføretaka med 2 380 mill. kroner frå 8 576 mill. kroner til 6 196 mill. kroner ved utgangen av 2015. Endringa skuldast at pensjonspremien er 2 380 mill. kroner lågare enn tidlegare antatt i 2015.

Helse Vest RHF sin del av nedjusteringa utgjer 452 mill. kroner. Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt pr. 31.12.2015 blir redusert frå 1 623 mill. kroner til 1 171 mill. kroner.

Handteringa føreset at det ikkje blir nytta midlar frå premiefond til å betale pensjonspremiar for 2015.


Føretaksmøtet vedtok:

Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 452 mill. kroner frå 1 623 mill. kroner til 1 171 mill. kroner.

Møtet vart heva kl. 10.05.

Oslo, 16. desember 2015


Frode Myrvold


Terje Vareberg